



Morten Arve Kolås
Kolåsvegen 134
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2227 - 16/33809

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Gbnr 107/1 Kolås. Løyving av Smil-midlar til oppsett av gjerde.

Eigedom: Gnr.107 bnr.1 Kolås
Adresse: Kolåsvegen, 5955 Lindås
Type tiltak: Oppsett av gjerde for betra tilgjenge til kulturlandskapet
Søker: Morten Arve Kolås

Saka gjeld:

Det er søkt om tilskot til å sette opp gjerde og grindar langs ein turveg. Vidare må det ryddast litt langs vegen, og grøftast noko. Ein vil og sette i stand eit torvhus. Området er nytta til beite.

Søknaden var noko mangelfull, men etter samtale har det komme fram følgjande:

«Prosjekte gjeld inngjerding og tilrettelegging for at folk flest skal kunne nytte turstien til Kolåsvarden og vidare inn i terrenget. Stien vert grusa og tilrettelagd for rullestol. Området er mykje brukt – over 6000 besøkjande dette året. Området er nært knytt til bustadområda i Lindås tettstad.

Grøfting er for å tørrelgja nokre parti der stien går over myr. Torvhuset står «på setra» og føremålet med å setje huset i stand er å synleggjere korleis «torv vart nytte før i tida.»

Kostnadsoverslaget som følgjer søknaden er uferdig. Det syner ein kostnad på kr.66000.

Tilrettelegging for ålmenta er eit prioritert tiltak, og kommunen vil løyve 50% tilskot.

Vurdering og vedtak:

Kommunen finn å kunne godkjenne søknaden sjølv om den er mangelfull. Saman med telefonsamtalen har ein grunnlag for å gjere vedtak. I søknaden det er sett opp tidsforbruk med 300 timar utan nærare spesifisering. Sidan søknaden er så uferdig, vil ein i denne omgang sjå bort frå timetalet

Det er gjort avtale med søker om at landbrukskontoret skal komme på synfaring ut på nyåret. Då vil ein sjå nærare på heile prosjektet, samt vurdere på kva måte ein eventuelt kan bidra vidare.

Det går og fram av samtalen med søker og i informasjon frå skogbrukssjefen, at prosjektet er eit spleiselag mellom bygdelaget og grunneigarane. Under synfaringa må ein få overyn over heilskapen i tiltaket.

Frist for gjennomføring vert sett til tre år, med høve til ytterlegare to år dersom det vert søkt om det.

Når pengane skal betalast ut, må det leggest fram rekneskap som syner både utgifter til materiell og forbruk av timar til arbeid, både eige og eventuelt andres arbeid.

VEDTAK:



Med heimel i forskrift om midlar til særlege miljøtiltak i jordbruket og i tiltaksstrategien for bruk av SMIL-midlar i Lindås kommune, løyver Lindås kommune kr.33000,- til SMIL- tiltak på gnr.107 bnr.1 Kolås. Tiltaka er gjerde, gøfting og restaurering av torvhus.
Frist for gjennomføring vert sett til 15.12.2019.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 3640.11.08658 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak.De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Frøydis Ones

Eli Bjørklid

konst. avdelingsleiar

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Morten Arve Kolås

Kolåsvegen 134 5955

LINDÅS